

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

PROTOKOLL FRA RÅDSMØTET I STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Stad: Fylkeshuset - Leikanger
Dato: Onsdag 27. april 2016
Tid: 10:50 – 11:30
Deltakarar: Sjå vedlagte liste over rådsmedlemmar med fleire

Rådsmøte starta med opprop og framlegging av fullmakter.
Rådsordførar Jenny Ellaug Følling ønskte deretter møtedeltakarane velkomne.

SAK 1/2016 Godkjenning av innkalling

Rådet ynskjer at gjeldande vedtekter vert utsendt saman med sakspapira.

Vedtak:

Innkalling vert godkjent t med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.
Samrøystes

SAK 2/2016 Godkjenning av saklista

Vedtak:

Saklista vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.
Samrøystes

SAK 3/2016 Konstituering:

Val av møteiar:
Rådsleiar Jenny Ellaug Følling vart vald

Val av sekretær:
Inge Bent Arnestad vart vald

Val av to personar til å skrive under møteboka:
Magni Aa Berge og Oddmund Klakegg vart vald

SAK 4/2016 Godkjenning av årsmelding 2015

Vedtak:

Framlagt årsmelding for 2015 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet
Samrøystes

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

SAK 5/2016 Godkjenning av rekneskap 2015

Vedtak:

Framlagt rekneskap for 2015 og revisjonsmelding vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

Samrøystes

SAK 6/2016 Budsjet 2016

Vedtak:

Framlagt budsjett for 2016 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

Samrøystes

SAK 7/2016 Godtgjering til styret

I flg. § 7 i vedtektene for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal rådet fastsette godtgjering til styret i stiftinga.

Valkomiteen legg fram følgjande samrøystes tilråding:

1) *Modell*

Styrelleiar

Fast årleg godtgjering omfattar førebuing til, gjennomføring og oppfølging av styremøter, deltaking i andre møter, konferansar m.m. på vegne av eller som gjeld Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Summen vert fastsett til 60 % av godtgjering til leiar i hovudval i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fast sum til dekking av utgifter til telefoni/breiband.

Styremedlemmer

Møtegodtgjering pr. møte. Tap arbeidsforteneste. Vederlag for utgifter.

Styrelleiar/styremedlemmer:

Statens satsar vert lagt til grunn for godtgjering av reiser og diett.

2) **Satsar pr. 01.01.2016:**

<i>Fast godtgjering til styrelleiar (60% av leiar hovudutval SFJ)</i>	kr.	110.640,-
<i>Dekking av telefon/breiband (styrelleiar)</i>	kr.	5.088,-
<i>Godtgjering pr. møte til styremedlemmer</i>	kr.	895,-
<i>Tap arbeidsforteneste: Legitimert tap inntil:</i>	kr.	3.185,-
<i>Ulegitimert tap inntil:</i>	kr.	1.700,-
<i>Vederlag for påførte legitimerte utgifter inntil:</i>	kr.	2.455,-
<i>Vederlag for påførte ulegitimerte utgifter inntil:</i>	kr.	1.340,-

3) **Regulering kvart år pr. 1. januar**

Regulering av godtgjering og vederlag i tråd med årslønsveksten i det fylkeskommunale tariffområdet, og vert betalt etterskotsvis med verknad pr. 1. januar inneverande år.

Olve Grotle reise spørsmål om eigen habilitet som styremedlem i stiftinga i samband med sak om fastsetting av godtgjering til styret.

Rådsmøte konkluderte etter drøfting at alle rådsmedlemmane var å sjå på som habile i saka.

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Vedtak:

Framlagt forslag frå valnemnda om godtgjering til stiftingsstyret vert samrøystes vedtatt med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

Samrøystes

SAK 8/2016 Val etter vedtektene

Val av valnemnd

Framlegg frå valnemnda:

Valnemnda gjer samrøystes framlegg på attval av Ivar Svensøy for 3 år.

Vedtak:

Ivar Svensøy er vald som medlem i valnemnda med funksjonstid på tre år

Samrøystes

Leikanger, 27. april 2016

Magni Aa Berge

Oddmund Klakegg